

Spellaget i Bondeungdomslaget av Mons Rykken (Frå: Bondeungdomslaget i Oslo : 30årsskrift. Oslo 1929)(s.275-281)

Bondeungdomslaget var ikkje meir enn årsgammalt då det tok til å intreressera seg for skodespel og framsyning av desse. I 1900 valde laget ei spelnemnd som skulde arbeida for å få synt fram spelstykke på norsk mål, og alt den 31. mars 1901 var den fyrste framsyning i laget. Det var - etter bladi å døma - spelstykket "Ervingen" som vart synt fram den fyrste spelkvelden. I desember same året vart spelstykki "Meinhøve" og "I Apehagen" framsynte. I april 1902 vart spelstykket "Folk" spela og i februar 1903 vart "Rationelt fjøsstell" synt fram (på ein kveld der innkoma gjekk til dei arbeidslause i Oslo). Stykket "Det ruskar i Ro" vart framsynt i februar 1903.

I 1904 skipa Bondeungdomslaget til ein marknad i november månad, og der vart det framsynt desse spelstykki "Tyrihans", "Folk" og "Sjusovarar". Spelnemndi fekk då ikkje til framsyningar fyrr i 1907 då spelstykki "Trollham" og "Ei hugvending" vart spela. Millom dei som var med og spela i desse stykka kan nemnart: Sigrun Høyem, Jens Kleven, Johan Hogstad, Per Kviberg, A. Kirkusmo, O. Ekornæs, Einar Liberg, Paul Norr o.fl. - Sigrun Høyem var formann i spelnemndi i den fyrste tidi.

Det var so stogg med spelframsyningane (men ikkje med øvingane) heilt til 1915. Den 27. oktober 1914 vedtok styret i Bondeungdomslaget å koma med framlegg til laget um å skipa eit spellag. Til fyrebuingsnemnd vart Arne Falk, Aasmund Svinndal og Marta Kongsrud valde, og 4. november vart dette vedteke i laget og nemndi vald. Den 23. november vart regler for spellaget vedtekne i Bondeungdomslaget.

På skipingsmøtet vart nemndi vald til styre og Arne Falk til formann. Laget tok med ein gong til å arbeida med spelstykkt "Nordanum Folkeskikken" av Marta Steinsvik og spela det på tvo lagsmøte den 15.-1.-1915 og den 29.-2.-1915. Lagsfolki moroa seg kosteleg Spellaget vart vel motteke. Og god kontakt millom lagsfolk og Spellaget kann det vel segjast å ha vore heile tidi sidan.

Snart totte spelarane at dei hadde ei oppgåve med å arbeida for å syna fram norske spelstykke på småstader utanfor byen, og den 23.-5.-1915 står det i møteboki for styret i Bondeungdomslaget: Sak 2. Spursmål frå formannen i Spellaget, Arne Falk, um Spellaget kann få spela "Dei Kvinnfolki" på Hvalstad ein kveld. Samrøystes vedtak: "Spellaget fær løyve til å spela på Hvalstad, men B.U.L. skal vera heilt skadeslaus av ferdi."

Spellaget fór på sin fyrste "turné". "Dei Kvinnfolki" gjorde så stor lukke at Spellaget seinare fekk brev frå statsråd Holtmark der han gjorde Spellaget ansvarleg for budeia si som hadde lætt seg fordærva. - Dei som spela hadde merka seg denne låtten, ho lo og slo seg på knei heile kvelden og sa: "Ja slik er det, Ja slik er det." Seinare vart stykket ogso spela i laget utan at der hende nokor ulukke.

I den fyrste tid hadde Spellaget liksom sett seg det mål å spela eit stykke kvart halvår. Men det var ikkje godt å få til, sidan øvingane som oftast gjekk fyre seg etter teatertid og det vart soleis det

reine nattarbeidet. Hausten 1915 øvde laget inn "Soldatgjenta" av Sigvat Heggstad, og han var instruktør for spelstykket sjølv. Hans Høvik spela her hovudrolla og han vart sidan heitande "Sumlebekken" som var namnet hans i stykket. Det synt seg snart at lagslemene, endå um dei hadde aldri so god givnad for scena, trøytna av etter kvart, og arbeidet gjekk meir trått og til slutt gjekk det heilt i stå. I 1916 og første halvåret 1917 låg laget heilt nede.

Hausten 1917 tok fleire av dei gamle lagslemene upp arbeidet og fekk laget i gang att.. Det vart øvt på tvo stykke, men berre eit av dei vart spela, nemleg "Laurdagskveld til støls" av Jens Tvedt. Stykket vart spela 9. november 1917.

Hausten 1918 tok Spellaget til å emna på eit storverk. Dei fleste av dei gamle spelarane var burtreiste og med så og segja heilt nye spelarar tok laget til å øva på "Per Olsen og Kjerringi hans". Stykket vart spela fyrste gong i Bondeungdomslaget 28. mars 1919 og stykket fekk mange lovord. Edv. Drabløs var instruktør for dette stykket. Her i dette stykket var det Oslo-Olsen vann seg eit landskjent namn som sufflør. Dette stykket vart spela ein gong til i Teatersalen (tilgjenge for alle), i Vestmannalaget, i Sandvika, på Lillestrømmen, og tvo gonger på stemna åt Noregs Ungdomslag på Tynset. I dette stykket var det fyrste gongen at skrivaren vår var med og gjorde lukke på tilet, og som alle veit vart det ikkje den siste. Låtten losna berre han kom inn på scena og verre vart det når han kom seg til å segja noko. Hausten 1919 tok laget til å øva på "Brennefolket" av Olav Stokland; Edv. Drabløs var instruktør. Stykket vart spela berre ein gong på ein idrottsfest den 7. nov. Stykket fekk berre lovord.

Våren 1920 tok laget til å øva på ein revy "B.U.L." skrive av ein løynd forfattar, og styret gjorde vedtak um å få Rasmus Breistein til instruktør. Sidan det i dette stykket var fleire vande rollor, fekk Spellaget med både Rasmus Breistein og Einar Tveito, og dei spela kvar si rolle. Tveito spela Tallaksen, og elles synt fleire kjende lagsfolk seg på scena, og jubelen var stor då stykket vart spela på leikfesten i februar. - Eine vendingi gjekk fyre seg utanfor Billettkontoret og den andre i Bondehytta. Ekornæs hadde måla høvelege kulissor - dei andre teatermålarane hadde ikkje tid. - Fleire lagsfolk var so godt etterlikna at folk klappa åt dei nede i salen seinare på kvelden og sume av dei som var kopierte kunde ikkje syna seg ute i byen seinare utan at lagsfolk drog på smilen åt dei. Det er slikt ein kallar kunst. - Dei fleste av dei gamle spelarane var med i dette stykket. Gudm. Hovda debuterte her som "den framande lagsguten" og han fekk denne "ros" av ein kjend kritikar: "Du Hovda spillte godt; ikke spor av kunst." - På 5-årsdagen heldt Spellaget festleg samkome i "Oleanna" på Kolsåstoppen.

Dei neste fire åri synt Spellaget fram 9 nye spelastykke og spelarane har gjort sitt beste med å få noko ut av sine rollor, um det no nett ikkje er vorte til noko stormannsverk, so har dei (fleste) som har sét på framsyningane fått seg ei hugnadstund, og det er grunn nok til å halda Spellaget i live. Elles so har spelarane og sine hugnadstunder av å ha vore med i laget - ikkje berre i den augneblinken då "publikums begeistrede applaus og blomstervæld" strøymer upp mot dei - men og når dei i ei stille stund - og då kanskje mest - lét tankane gå attende til dei mange pussige situasjonar dei har råka uti, både på prøvor og framsyningar. For de skal vita at der hender mykje rart på

speltilet; men som vel er legg ikkje publikum merke til dette, elles vilde det ofte verta "grand skandale". Likeins vil og spelarane ha mange gode minne frå spelferder - som det diverre vert so alt for få av. Laget kunde her havt eit stort arbeidsfelt for målreisingi, i dei fleste austlandsbygder.

Med øvingane har det ofte gått trått og smått, men det er no meir dei "lokale forhold" som er skuld i det, enn spelarane. Største vansken med å halda laget uppe er at spelarane skifter so ofte. Folk flest har so liti tid å ofra på øvingane og slett ikkje tid til å fara jamvel um dei eig "gnisten". Men likevel har Spellaget arbeidt seg trutt framover dei siste åri og har havt minst 3 nye stykke um året (med undantak av 1926, ei lamingstid etter det store tiltaket med "Fjelleventyret"), so ein har all grunn til å sjå ljost på framtidi.

Spellaget i åra 1929-1949 (Frå: Bondeungdomslaget i Oslo : 50-årsskrift. Oslo 1949) (s. 146-152)

(Liste over spelstykke)

I 1932 tok Spellaget opp arbeidet med å skipa til revy i laget, og Rykken, Otto L. Johnsen, Kirsti Øynebråten Johnsen i samarbeid med Alf Sommer fekk så i stand den fyrste revyen 11/3-32, og neste 15/3-35 på 20-årsfesten til Spellaget. Den tredje revyen vart sett opp 25/1-46. Den siste var Lars Hemre m.fl. meister for. Alf Sommer var instruktør, medhjelparar til songen og musikken Dirdal og Myklebust.

Vi skipa og til ein kveld for Norsk Lyrikk 30/5-47 med dette programmet: "Vår" av Olav Aukrust, "Je vil hematt" av Ingeborg Refling Hagen, "Morgon" og "Vår" av Sven Moren og "Blåbærlid" av Arne Garborg.

(Liste over instruktørar, sufflørar og spelferder)

Våren 1947 fekk Alf Sommer ei avtale med Oslo Kommune om framsyning av spelstykke i Oslo-parkane, og vi spela "Den pantsette bondeguten" 7/6, 19/6, 27/6, 30/6 og 31/6(? red. anm...) -47 i Frognerparken, St.Hanshaugen, Birkelunden, Bjølsen-parken, Kampen og Torshaug-parken, og dette reknar vi for å vera eit nybrottsarbeid, då det er fyrste gongen det har vore gjort her i byen. - Vi er serleg takksame mot Alf Sommer som let oss få vera med på desse framsyningane.

Sommaren 1948 hadde vi også gjennom Sommer avtale med Folkemuseet på Bygdøy om å spela på Friluftsteatret i juni og august, og vi spela "Värmländingarne" i alt 8 gonger; fyrste framsyninga 12/6-48.

Våren 1949 spela vi på stemna Oslo Fylkeslag skipa til 26/5-49 på Folkemuseet på Bygdøy, denne gongen "Slåttefesten", som er eit stort stykke med mykje fin musikk og dans til. Spellaget har vore gjestar på Lågendalsmuseet på Kongsberg med "Värmländingarne" og "Slåttefesten".

Desse to siste stykka er det sers mykje dans i, og vi fekk difor R. Warme til instruktør for dansane i "Värmländingarne" og Brede Bakke til "Slåttefesten", baa har gjort stort arbeid for oss med dette. Elles har samarbeidet med Musikklaget - serleg då dirigenten Rolf Myklebust - vore til over lag stor hugnad og hjelp, og elles må ein seia at serlaga har vore sers viljuge når vi har bedt dei om ei handsrekning, anten det no er med musikk, song eller dans. Og vi vil vona at det gode samarbeidet vil halda fram til glede for alle partar.

(Liste over styreleiarar, styremedlemer og skodespelarar i perioden)

Det er mange timar desse vel 100 kvinner og menn har nytta av fritida si på arbeid i Spellaget. Vi seier dei alle vår beste takk, anten dei no har spela ei eller fleire roller i desse 20 åra som har gått sidan siste meldinga vår.

Likeins seier vi takk til instruktørane for deira tolmod og trottuge arbeid med å få noko utav ein "ubekvem materie".

Dinest ei serskilt takk til Det Norske Teatret for alle den velvilje dei alltid har synt oss ved å låna oss det naudsynte tilfanget til spelstykka våre, utan deira hjelp hadde det vore uråd for oss å syne fram slike stykke som vi har gjort.

O.L.H. (Olga Liseth Hogstad? Red.)

Spellaget (Frå: «Og byen er vår bror...» : Bondeungdomslaget i Oslo 1899-1989. Oslo 1989)
(S.215-233)

Ein måte å skrive saga om Spellaget på ville vera å dra sceneteppet i Teatersalen til sides og sette opp i kronologisk rekkjefølgje ei liste over alle dei spelstykkane det har synt fram gjennom åra: "Dette er Spellaget si soge."

Det ville bli ei lang liste med kjende og ukjende spelstykke og forfattarar - frå enkle folkekomediar til "musikkspel" og store klassikarar. I tillegg heimelaga revyar - sketsjar og underhaldningsprogram av ymse slag. Som eit tillegg til dette kapitlet følgjer ei slik liste. Men no går vi først inn bak sceneteppet - bak kulissane for å sjå kva dette Spellaget er.

Om framsyningane er målet, så er vegen fram mot det endå viktigare. Det er i arbeidet med førebuingane - innøvinga av rollene - at vi får den sameininga av kreftene til dei mange som gjer ei framsyning mogleg. Her blir det skapt eit miljø, ei lagånd som har så mykje å gje det einskilde mennesket. Her møter du utfordringar, og kanhende vinn du over deg sjølv.

Spellaget er eit av dei minste særлага i Bondeungdomslaget, og medlemstalet skifter mykje frå år til år alt etter dei oppgåvene Spellaget satsar på. Likevel har det gjennom åra alltid vore ei fast "stamme" som har halde ved lag dei tradisjonane som har bore Spellaget framover gjennom åra.

Etterkrigstida

I fredsrusen i mai 1945 vakna Bondeungdomslaget til live att etter at alt lagsarbeid hadde vore innstilt sidan februar 1942. Spellaget tok òg opp arbeidet med ein gong, og alt den 23. juni 1945 synte dei fram "Den pantsatte bondeguten" av Ludvig Holberg i Frognerparken.

Dette spelstykket hadde hatt premiere i Teatersalen i 1941. Så kom det eit nytt stykke alt i desember 1945: "Fru Virginia". I referatet står det at det var innsamling i Teatersalen denne kvelden og at det kom inn kr 440,- til "Finnmarksinnsamlinga" (Store delar av Finnmark var brent ned av tyskarane.)

Så kjem ein litt forseinka "jubileumsrevy" i 1946, og etterpå følgde "Bjørnefjell" og "Godvakker-Maren". Edvard Drabløs instruerte "Bjørnefjell", medan dei andre stykkane vart sette opp av Alf Sommer.

At Spellaget fekk profesjonelle instruktørar frå Det Norske Teatret har hatt alt å seia for kvaliteten og voksteren.

Det Norske Teatret var nært knytt til Bondeungdomslaget i alle dei åra det heldt til i Rosenkrantz' gate, og Spellaget hadde i den tida stor hjelp med kulissar, kostyme og andre rekvisittar frå teatret. Dette gode samarbeidet heldt fram også etter at teatret flytta frå Rosenkrantz' gate. Teatret har òg vore eit føredøme for Spellaget på mange måtar i arbeidet for målsaka.

Åra frametter ser ut til å ha vore fylt med stor innsats og speleglede. "Den pantsatte bondeguten" vart endå ein gong sett opp att og spela heile sju gongar på parkkveldar kring i Oslo. - Anders Dolve var ein praktfull "pantsett gut" i denne morosame komedien.

Det har vore styrken til Spellaget at det kunne hente inn krefter frå heile Bondeungdomslaget når det var naudsynt, både einskildpersonar og heile særslag. Musikklaget i Bondeungdomslaget har til dømes vore med når stykke vart framførte. På den måten kunne Spellaget òg satse på store oppgåver sjølv om deira eige medlemstal var heller lite (årsmeldinga for 1947-48 melder om 28 aktive medlemmer).

Ei slik stor satsing var "Vermlendingane", der både Leikarringen og Musikklaget var med. Premieren var 4.6.48 i Teatersalen, og heile elleve gonger frå juni til august det året vart "Vermlendingane" spela ymse stadet: På Folkemuseet i Oslo, på Hønefoss og på Kongsberg. I årsmeldinga i "Lagsbladet" nr. 5/49 står det:

- "Arbeidet med "Vermlendingane vart teke opp alt i fyrre arbeidsåret, og det var Lars Hemre i samarbeid med skodespelar Sommer, og elles styret i Spellaget som gjorde det store arbeidet med å fyrebu alt dette. Vi hadde elles god hjelp av Rolf Myklebust og medlemmer av Musikklaget, og av Rolf Warne og medlemmer av Leikarringen, som alle synte stor interesse og la ned eit veldig arbeid med dette stykket. Det skulle vera skift likt med Sommer og dei 3 laga, om det vart noko overskot - men det vart det diverre ikkje. Men vi reknar likevel dette arbeidet for å vera det beste som har vori gjort i Spellaget hittil, og vi trur gjerne at dei som var med på dette ser tilbake på arbeidet med "Vermlendingane" med glede. - Vi er takksame for god hjelp av alle som var med."

Det ser ut til å ha vore vanskar med øvingstilhøve i Teatersalen òg, men likevel sette dei opp stykket "Slåttefesten", som dei mellom anna spela på Folkemuseet. Sitat frå same årsmeldinga:

- "Også denne gongen har vi fått god hjelp frå medlemmer i Leikarringen og andre medlemmer i BUL. Dette er eit stort arbeid, og interessa må ein seia er sers god mellom dei som er med, når ein tek omsyn til kor vonde arbeidstilhøva har vori med dette stykket."

Som nemnt hadde Spellaget hatt instruktørar frå Det Norske Teatret, mellom andre Drabløs, Tvinde, Rydland, Tveito og ikkje minst Alf Sommer, som hadde sett opp mange framsyningar med stor suksess i ei rekkje år. No fekk vi etter kvart skodespelarar frå neste generasjon i Teatret. Pål Skjønberg kom med friske nye takter og sette opp "Seks kameratar", som fekk premiere i februar 1950. Det var eit "comedy-drama" av John Patrick med handling frå eit britisk feltlasarett i siste verdskrigen. Så fekk vi òg eit skodespel til med røter i krigens dagar: "Helten og brotsmannen" av Knut Hauge.

Dette skodespelet hadde fått tredje premie i ei tevling som Kyrkje- og undervisningsdepartementet hadde lyst ut, og det vart såleis ein urpremiere i Teatersalen denne gongen. Motivet hadde Knut Hauge henta frå ei sak som verserte i avisene i lang tid om ein mann som vart kalla "Rottenikken".

Som ein kan sjå av lista over stykke, var aktiviteten i Spellaget stor framover i femtiåra. Men ikkje berre i Spellaget. Bondeungdomslaget med særлага hadde ei blømingstid etter dei lange

krigsåra. No skulle alt gjerast!

Alf Sommer er tilbake og set opp to skodespel i 1951: "Herr Sakfører" og "Det er moro å leva". Båe stykka vart spela til saman tolv gonger mellom anna i bygdelaga i Oslo, som òg hadde mange medlemmer og stor aktivitet i denne tida.

I tillegg til mange skodespel førte Spellaget òg opp eit Arne Garborg-program saman med Leikarringen og Songlaget, og dei var med i eit NRK-program saman med skodespelarar frå Det Norske Teatret. Amund Rydland sette opp i alt fem skodespel for Spellaget i desse åra, mellom anna "Den spanske fluga". Denne elleville komedien vart spela i alt fem gonger, blant anna i BUL Sarpsborg.

Til førtiårsjubileet til Spellaget, hausten 1954, skreiv Ole Hongve - etter ein idé av Ola Ulstad - ein revy som han kalla "Grynte-Per". Den var laga som ein "Peer Gynt"-parodi.

Hovudpersonen, Grynte-Per, var ein gut som for rundt i bygdelaga i Oslo og ikkje tenkte på anna enn dans og moro. Når han kom heim, dikta han mor si (Mor Aase) full med både dette og hint som han skrytte av at han hadde opplevd. På sin veg råka han borti "Den grønklede", som var ei fin byjente og tala riksmål. Han var og i ordkløyveri med "Bøygen". Det var ein parodi på laget og særlega sin kamp med forretningsstyret om pengar til lagsdrift og særlagsdrift.

Til slutt kom han saman med "Den grønklede" til "Rødkleivgubbens Hall". Der fekk han møte både gubben sjølv og den store Idrottsrisen, Leikarjutulen, Mannskortrollet, Songlagsgygra, Musikkrollet og nokre gubbelagsnissar. Han fekk høyre kva dei dreiv med i sine særlag, og korleis dei såg på seg sjølve og arbeidet sitt for ungdommen i hovudstaden og for målrørsla. Revyen vart diverre spela berre nokre få gongar. Det kom truleg av at han var så skreddarsydd for Bondeungdomslaget at folk som ikkje kjende laget og ein del av personane der ikkje fullt ut kunne forstå dei gode poenga som låg i replikkane. Stykket eigna seg difor ikkje særleg godt til framføring utanfor laget. Men i laget vart det vel motteke, og det fekk mange lovord etterpå.

Aktørane i Spellaget er alltid spente på kva omtale ein premiere får i dagspressa, og i mange år hadde fleire aviser slike omtaler i ei fast "bygdelagsspalte". Og ein må finne seg i både "skryt og stryk" når ein vil vera skodespelar. Hyggeleg er det når det blir suksess, men kanskje meir lærerikt når det kjem kritiske merknader.

Losje "Tjodlaug", som er den einaste fråhaldslosjen i Oslo med nynorsk mål, var nært knytt til Bondeungdomslaget på mange måtar. Dei skulle høgtide femtiårsdagen sin i Bondeungdomslaget i 1956, og Spellaget skulle urframføre eit skodespel av Bjarne Slapgård: "Tonen din, Åsta".

Dagbladet slakta framsyninga alt med overskrifta: "Falsk tone i Bondeungdomslaget". Her er fleire sitat frå meldaren ("tekå"):

- "Tonen din, Åsta" var korkje interessant eller verdfullt, men så langdrygt at det var reine seigpininga. Mange reiste seg etter andre akta - som trass alt var den beste - i den glade tru at det var slutt. Men det var diverre ei akt til.[...] Amatørane i Bondeungdomslaget gjorde gale verre med å spela dårlegare enn dei brukar. [...] Amund Rydland hadde sett i scene, han hadde stroke ein del av stykket - diverre hadde han ikkje fullmakt til å stryke resten."

Ja, slikt må ein òg ta med når ein vågar seg ut på dei skrå breidder. Vi kan likevel nemne at Johs. A. Dale gir stykket ei meir jamvektig vurdering i boka *Frå Ervingen til Anne Gonge*:

- "Dei to første aktene er gode, med hendingar som nok svarar til livet blant ungdommen i mange bygder, og med livleg, naturleg samtale. Det skjer ei heil rad ulykker; men så får vi i staden potensert lykke i den nokså sirupssøte 3. akt. Stykket er ikkje berre avhaldsagitasjon i dramatisk form, men gjev også gode bilete frå bygdelivet".

Trass i einskilde dårlege kritikkar, så har motet og optimismen aldri vore mangelvare i Spellaget - elles hadde det knapt overlevd. Einaktaren "Fløttardag" av Alf Prøysen, som Rydland sette i scene i 1957, var ein jordnær liten komedie der latteren nok vart sittande fast i halsen under skildringa av "Arne barnehjemmet", slik berre Prøysen kan få det til.

Men så er det storsatsing att. Finn Bernhoft set opp "Ein søndag på Amager", og vi saksar frå "Lagsbladet" nr. 4/59:

- "Då Spellaget etla seg til å setja opp dette stykket var det ikkje utan å sjå vanskane i auga. Ensemblet tel med orkester, kor, skodespelarar og statistar meir enn 50 personar. Men vi sette vår lit til velviljukt samarbeid frå dei andre særлага, og vi vart ikkje vonbrotne. Med i framsyninga er, forutan heile musikklaget, folk frå songlaget, leikarringen og idrottslaget."

I åra framover frå 1958 til 1963 er det Finn Bernhoft og Edvard Drabløs som vekslar om instruksjonen: Drabløs med "Møte i grenseland" av Knut Hauge, "Ran" av Eindride Tveito og "Ervingen" av Ivar Aasen; Bernhoft med mellom anna "Til sæters" av Claus Pavel.

Spellaget 50 år

Så nærmar vi oss året 1965 og femtiårsjubileet til Spellaget, og no satsar ein mot nye høgder: syngespelet "Liti Kjersti" av Hulda Garborg med musikk av Arnljot Eggen. Heile Musikklaget er med under leiing av Thorleif Schøyen, og det er ikkje den lettaste musikken dei skal spela. Medlemer frå Barnelaget, Leikarringen og Songlaget er med, for her skal det vera både korsong og dans.

Asbjørn Toms frå Det Norske Teatret set det heile i scene. Fleire år seinare skulle Asbjørn Toms føre Spellaget mot nye høgder med store og kravfulle oppsettingar.

Det var mange og lange prøver, og ikkje minst songleg, og repetitøren Arne Wedholm gjorde ein fin innsats. Snorre Tindberg frå Det Norske Teatret laga dekorasjonane og reidar Warne stod for koreografien til dansane. Det er utruleg at ein fekk alt til å smelte saman til ein heilskap i dei tronge scenetilhøva i Teatersalen. Det skal ein god del entusiasme og innsats til for den som skal berge ei slik framsyning i land.

Ein skal vere varsam med å trekke fram einskildmedlemer i Spellaget. Likevel må ein nemne Jørgen Lindstad, som var formann i jubileumsåret. Han var ein av veteranane i Spellaget, og

i mange år var han den drivande krafta på mange plan. Han kunne alt om teater på det tekniske planet og var sjølv ein framifrå skodespelar, mellom anna gjorde han ein glimrande figur som sennepsfabrikant Klinker i "Den spanske fluga". Lindstad var sjølv krumtappen i heile oppsettinga. Dei siste nettene før premieren sov han visstnok i Teatersalen, fortelst det.

Premieren på "Liti Kjersti" var ein suksess for Spellaget, for Asbjørn Toms og ikkje minst for Tone Danielsen i tittelrolla. Ho to seinare steget over til dei profesjonelle teaterscenene. Sundagen etter premieren var det jubileumsfest i Spellaget med middag oppe i Landbrukssalen. Den første formannen i Spellaget, Arne Falk, var til stades saman med mange av dei andre pionerane. Etter tradisjonane var det utnemning av "riddarar og "kommandrar" av "Dennorske maske" (denne ordninga er seinare blitt borte).

Men femtiårshøgtida var ikkje over. Fjernsynet skulle også vera med, takk vere Sigurd Nesdal, som hadde fått NRK interessert. Her skulle ein syne glimt frå fleire skodespel, med scener frå "Liti Kjersti" og "Fløttardag" som sentrale innslag. Det var hardkjøring med prøver i vekesvis. Fire dagar gjekk med til sjølv opptaket. Diverre kom stevleiken frå "Ervingen" og monologen "Stolen" med Anders Dolve ikkje med, avdi programmet vart for langt. Arne Falk innleidde programmet og Sigurd Nesdal batt det saman. Asbjørn Toms stod for regien, og Roald Øyen var produsent i NRK.

Etter jubileet ser det ut til at Spellaget må ta ein pust i bakken. Dei freistar å sette opp eit skodespel i 1966, men må legge det heile bort - og så er det ikkje melding om nokon særleg aktivitet før i 1969, med "Silketørklede" av Halvor J. Sandsdalen. Så, etter ei oppmjuking med "Førjulskveld med Spellaget" i desember 1970, vaknar Spellaget opp att og klemmer til med jubileumsrevyen til Noregs Ungdomslag: "Per Plex" i november 1971. Revyen hadde vore spela på NU-stemna i Trondheim, og forfattaren var vår eigen Ola Ulstad som her fritt hadde handsama eit ikkje ukjent dramatisk verk. Asbjørn Toms set i scene, og no er Spellaget i farta att. "Alt for lenge har vi sakna dette særlaget, og vi ynskjer dei velkomne att i rampelyset", står det i "BUL-nytt". Så dreg dei til U.L. Nakkerud på Tyrstrand med revyen, og det blir trampeklapp i salen.

Det er gledeleg å sjå at eigne medlemmer også prøver seg på instruktør oppgåver. I 1972 sette Ola Ulstad opp "Bjørnen" av Anton Tsjekhov og Ole Hongve "Gamlekarane på Storebø" av Hallvard Standnes.

Så blir det beisk samtidsdramatikk frå ungdomsmiljø på scena i Teatersalen. Siri Rom og Turid Eidsvold set opp "Om sju jenter" av Erik Torstenson. Spellaget har heile åtte framsyningar av dette skodespelet frå februar til mai 1974, mellom anna på Vestoppland folkehøgskole og i bygdelaga i Oslo.

Jubileumsrevyen

Eit nytt jubileum er i kjømda, og 1974 blir eit travelt år for Spellaget. Sjølv Bundeungdomslaget skal høgtide 75-årsjubileet sitt, og et blir sett opp ein jubileumsrevy der

Spellaget er drivkrafta saman med medlemmer av Leikarringen, Barnelaget og mange andre lagsfolk. Mange lagsfolk stod bak tekstane og sketsjane i revyen: Ole Hongve, Ola Ulstad og Bjørn Freddie Riise. Andre tekstar vart henta frå trettiårsskriftet til Bondeungdomslaget. Det heile vart sett saman til ein kavalkade over Bondeungdomslaget gjennom 75 år. Asbjørn Toms var instruktør og laga ein regi som batt det heile saman på ein glimrande måte. Premieren var på scena til Det Norske Teatret i Stortingsgata og vart ein stor suksess. "Aftenposten" hadde eit stort oppslag med denn overskrifta: "BUL-kavalkaden fortjener publikum". Vidare skriv "ivers":

- "Om Bondeungdomslagets jubileumskavalkade i forbindelse med 75-årsfeiringen i høst, er det bare å si at den er en vellykket fulltreffer. Kavalkaden er laget av lagsfolk for lagsfolk og skal gi et lite snitt av hva som har foregått i BUL i 75 år og hva lagsmedlemmene har vært opptatt av: Treffende tekster til sanger og sketsjer, brutt opp med danseinnslag og framføring av "klassiske" tekster i ord og tone, gir en levende skildring av virksomheten i hovedstadens største innflytterlag. De mange aktørene gjør en helhjertet og meget god innsats, både enkeltvis og som "ensemble". Man skal være svært kritisk for å finne noe som kan trekke karakteren ned. Æren for at forestillingen er til de grader levende og naturlig sammenbundet må vel i høy grad tilskrives Asbjørn Toms som har hatt en god hånd med instruksjon og regi. Det er et profesjonelt tilsnitt over denne kavalkaden. [...] Det ligger et kjempearbeide bak oppsetningen, og man kan ikke annet enn beklage og undre seg over at så mange forberedelser ikke avstedkommer mer enn de to forestillinger som er vist."

Men det skulle bli ei framsyning til: På NU-stemna i Kristiansand året etter vart jubileumsrevyen spela som "natteate" (kl 24.00) laurdagsnatta i Soldatheimen på Kjevik: Fullt hus der folk reiste seg og trampeklappa. Ei stor oppleving hadde dei som var med då ukjende stemnefolk dagen etter stoppa og handtakka aktørane for framsyninga, og formannen i NU opna talen sin med ein takk til Bondeungdomslaget. Ja, kavalkaden hadde noko meir enn berre lagshistorie, som "Aftenposten" skreiv i slutten av meldinga si:

- "For kavalkaden er ikke bare historien om Bondeungdomslaget. Den er like mye skildringen av all bygdeungdom som kom og kommer til byen, og den forteller litt om hvordan byen med det store hjerte med en kjølig skulder møtte sine nye borgere. Og den forteller hvordan de fremmede fant seg tilrette."

Det krev ofte mykje tid å vera aktiv i BUL, altfor mykje tid mange gonger. For ihuga ungdomslagsfolk har vel dette vore ein tankekross. Ole Hongve hadde for mange år tilbake ei lita vise om dette, og no kom den med i revyen.

I opninga av andre del av revyen i revyen kjem ein liten gut (Espen Lillebergen frå Barnelaget) fram i pyjamas og med ein bamse i armkroken og syng (melodi: "Tre søte småbarn"):

Ventar på far

Far min er medlem av B.U.L.,
stendig opptatt med styr og stell.
Støtt om kvelden sp må han ut,
tenkjer 'kje på at ein liten gut,
ein liten kar
saknar sin far,
ein som går og ventar, ventar på far.

Rådsmann vart han og mykje meir,
plikter i laget vart fleir og fleir.
Styremøte og anna stell,
var 'kje hos guten sin nokon kveld.
Ein liten kar
saknar sin far,
ein som går og ventar, ventar på far.

No om dagen eg har det trist.
Med jubileum så driv han visst.
Har 'kje sett han på fleire da'r,
trur mest han har gløymt at han heime har
ein liten kar,
som saknar sin far,
ein som går og ventar, ventar på far.

Etter desse versa snur han som om han vil gå ut, men så kjem han tilbake og stoggar applausen med handa og syng vidare:

Når eg ein gong vert vaksen gut
og formann i BUL, støtt så går eg ut
på styremøte og anna stell,
sit 'kje hos far min ein einaste kveld.
Ein gamal far
som saknar ein kar,
ein som sit og ventar,
ventande far.

Det var som om salen kokte - eit blinkskot av dei store - men tru om ikkje mange av oss kjende eit stikk i sitt eige samvit. Den visa "sat".

Tida skifter - nye krav

Små umerkande endringar i samfunnet kan vanskeleg tidfestast, men det har alt over lang tid skjedd ei endring i oppslutninga på lagsmøta i Bondeungdomslaget - der som andre stader. Teateersalen er ikkje lenger stappfull kvar gong til dømes Spellaget har framsyning der. No må det reklame eller marknadsføring til for å nå folk. Fjernsynet er vel hovudårsaka - men også dei romslegare tidene der mange har bil og dreg ut frå byen i helgen no som ein har laurdagsfri. Spellaget kjenner kanhende at krava til amatørteater er blitt større - ein blir snart samanlikna med dei profesjonelle på fjernsynsskjermen og må tevla med dei. Slike utfordringar får Spellaget til å sette endå meir inn på framsyningane sine. Til ein viss grad tek somme til å interessere seg meir for sjølve den tekniske gjennomføringa. I tida framover blir det kjøpt inn nytt teknisk utstyr. Lys og lyd blir tatt hand om av "spesialistar" i Spellaget, og staben omkring kvar oppsetting blir etter kvart meir og meir omfattande.

Noregs Ungdomslag satsar mykje på kurs i amatørteaterarbeid av alle slag, og medlemmene i Spellaget er med på dette. Gjennom slike kurs får dei òg kontakt med andre spellag rundt om i landet, og dette gjev verdfull inspirasjon og eit vidare syn for kva dei arbeider med.

Men no går det mot sekstiårsjubileet til Spellaget (1975), og slike jubileum er ein inspirasjon til storsatsing. Planane er klare: Asbjørn Toms skal sette i scene "Jeppe på Berget" av Ludvig Holberg, og då går tankan lett attende til det vidgjetne "teaterslaget" då Det Norske Teatret for første gong spela "Jeppe" i den same Teatersalen i 1913.

Spellaget legg mykje arbeid i dekorasjonar, plakatar og program (signert Ole Ekornes), og premieren blir laurdag 29.11.75 i ein fullsett sal og med kaffi på stova og leik og dans i Teatersalen etterpå. Det vart ein fin kveld og ny suksess for Spellaget med rosande omtale i mange aviser. "Gula Tidend" skreiv mellom anna:

- "Det er mest utruleg kor mykje ein kan få ut av berre amatørar. Asbjørn Toms har nok ein gong prova at det går an. Dei siste 10 åra har han vore drivkrafta i Spellaget, han har sett opp syngespel, teaterstykke og revyar. Toms kjenner Spellaget ut og inn, han er ikkje redd for å gje dei eit spark i baken når det trengst. Dette fører til intens jobbing, og utbreidd aktivitet og alle kjenner at dei kan dersom dei vil når Toms set i gang."

"Jeppe" vart spela mange gonger i 1976, mellom anna på St. Hanshaugen friluftsscene, etter avtale med Oslo kommune - ein avtale som også omfatta framsyningar på bibliotek rundt om i byen. Stemninga var like god alle stader: Til NU-stemna i Ørsta/Volda drog Spellaget med eigen buss med skodespelarar og kulissar for å syna fram "Jeppe".

Spellaget mot nye høgder

Spellaget hadde utruleg mange jarn i elden i 1976. Dei satsa djervt på nyare dramtikk då ved å sette opp "Tolvskillingsoperaen" av Bertholt Brecht og Kurt Weill. Agnes Randers-Pehrson sette i scene, repetitør og songinstruktør var Per Revholt og kepellmeister Stein Ludviksen. Stykket fekk overlag god kritikk i alle aviser; det var mange rosende ord og tale om "profesjonelt amatørspel".

Spellaget hadde sitt eige timansorkester og på rollelista 17 namn, fleire med dobbeltroller. I tillegg kom ein teknisk stab på ti mann. I årsmeldinga for 1976 står det:

- "Spellaget har også med dette gjort sitt til at amatørteatra i NU set opp nyare dramtikk og samtidsdramatikk i staden for dei vanlege bygdekomediane."

"Tolvskillingsoperaen" vart spela tre gonger i Teatersalen og to gonger i Henie-Onstad Kunstsenter på Høvikodden. Diverre måtte stykket takast av speleplanen avdi nokre av dei medverkande ikkje hadde høve til å vera med lenger.

Årsmeldinga fortel også at Spellaget i 1976 deltok i fjernsynsprogrammet "Bønder i byen". I 1978 bar det attende til meir jordnære ting med "To pinner i kors" av Alf Prøysen og Asbjørn Toms og med Ole Hongve som instruktør. Det vart ei festleg framsyning slik god komedie skal vera, og lovande omtale.

Desse åra var ei rik tid for Spellaget. Laget satsa stort, men kom alltid vel frå oppgåvene. I 1978 var det nye spanande ting i vente: friluftsteater ute i ruinane av Mariakyrkja i Gamlebyen i Oslo.

Mellom godsterminalar og jarnbaneskiner og ikkje langt frå Mossevegen ligg desse ruinane mest bortgløymde. Midt i kyrkjeruinane ligg grava til Håkon V Magnusson, som døydde i 1319. Vera Henriksen skreiv "Riksseglet" spesielt for denne historiske plassen, om tida og maktkampen like etter at kongen var død. Skodespelet vart laga med tanke på at Spellaget skulle framføre det her på denne staden og at Asbjørn Toms skulle sette det i scene. Økonomisk var det eit stort løft, men Oslo kommune støtta tiltaket med ein god del pengar, slik at det heile kom i gang. Dette var ikkje berre uroppføringa av stykket til Vera Henriksen, men òg den første oppføringa av "Thomashymna" sidan mellomalderen. Manuskriptet til denne hymna var funne ved utgravingar under stavkyrkja i Lom, og den er voven inn i handlinga i "Riksseglet". Sølvguttene song denne og andre hymner under leiing av Torstein Grythe.

Kostyma av Arne Wallentin og Randi Skahjem fekk vi leige, så det vart eit profesjonelt tilsnitt i denne uroppføringa. Det vart litt av ei hektisk tid for Spellaget, og korleis ville no vêret bli? Men premieredagen kom med godvêr og med stort publikum og mange innbedne gjester som ordførar, biskop og domprost i spissen.

Hans Jørgen Hurum skreiv i "Aftenposten" mellom anna:

- "Ikkje så rent få nordmenn har historiske interesser, og mange Oslofolk har glede av å få vite litt om byen de bor i. For disse ble det en dyp og rar opplevelse å overvære Kirkespillet

"Riksseglet" som igår fikk sin urpremiere i Mariakirkens ruiner i Gamlebyen.[...] Skuespillet som Vera Henriksen har greid å forlegge til selve Mariakirken i 1300-årene, forteller fantasifullt om kampen i de dager mellom den geistlige og verdslige makt.[...] Musikken avspeilte nøyaktig den samme kampen, og det er Vera Henriksens store fortjeneste at et sensasjonelt funn av tekst og noter, Thomas Becket-sekvensen, blir en pillar for handlingen i skuespillet."

Vidare skreiv han:

- "Med skuespilleren Asbjørn Toms som oppfinnsom instruktør, ble det Spellaget i Bondeungdomslaget som fikk æren og uroppføre "Riksseglet". Sjelden ser man amatører så virkningsfullt instruert. [...] Med god grunn høstet fremførelsen varmt bifall, og Spellagets formann Peter van Zaane takket av hjertet de mange som hadde gjort fremførelsen mulig: Vera Henriksen, Asbjørn Toms, Torstein Grythe (Sølvгутtene) og ikke minst Oslo kommune ved Albert Nordengen som kvitterte med en generøs mottagelsen i Oslos prektige Ladegården."

"Riksseglet" vart spela fem gonger på forsumaren og fem gonger om hausten, og vêrgudane var på Spellaget si side heile tida. I samarbeid med Vestlandske Teaterlag gjesta Spellaget Bergen i september og hadde to framsyningar i Håkonshallen. Men i Bergen tok vêrgudane revansje med storm og stride regnbyger og vindfelte tre, som gjorde det vanskeleg for folk å koma fram. Likevel var det ein fin tilskodarflokk dei to kveldane. Per Håland skreiv etter denne framføringa i "Gula Tidend":

- ""Det var ei oppleving å møta denne framsyninga. Bondeungdomslaget i Oslo fortener takk fordi dei kom over fjellet. Blomar og fine takkeord vanka det sjølv sagt til Spellaget. Alt var fortent. Og so kan dei mange som ikkje nytta dette høvet få angra; dei miste verkeleg ei oppleving."

Så var det nye oppgåver att. Etter ei oppmodig frå Spellaget sette Asbjørn Toms i scene ein "Kiran-kabaret" i 1979. Pianisten Per Revholt arrangerte dei 34 visene og dirigerte eit seksmannsorkester. Ole Ekornes laga 22 måleri som det vart laga slides av, og så vart desse projiserte på ein kvit bakvegg slik at scenebileta skifta etter kvart. Kabareten vart kalla "Ryllik og rose, anker og ring", og "Aftenposten" hadde overskrifta "Hjartevarm Kirankabaret" og høsta mange lovord:

- "Gjennom den profesjonelle framføringa, full av overskot, hjartevarme og speglede fekk skodespelarane og orkesteret den fullsette salen med seg. Vi spår "Ryllik og rose - anker og ring" ei lang levetid. Til hausten vert det fleire framsyningar." (Odd Natvik)

Dei som ikkje medverka i Kiran-kabareten starta prøver på "Mio, min Mio" av Astrid

Lindgren, og denne gongen fekk dei skodespelar Arne Lie til instruktør. Erich Nielsen, som hadde vore repetitør på Kiran-kabareten, hadde komponert musikken til "Mio", som Musikklaget i BUL spela inn på lydband. Premieren var 4.10.79 og skulle markere opninga av åttiårsjubileet til Bondeungdomslaget.

Det vart fleire framsyningar av både "Mio, min Mio" og Kiran-kabareten, og ein sekvens frå "Ryllik og rose" vart tatt opp for eit Erik Bye-program i eit NRK-studio, men kom av ymse grunnar ikkje med i sendinga. Mykje ekstra arbeid var bortkasta og skuffelsen stor, og måten Spellaget vart sett utanfor på, var ikkje til nokon særleg heider for NRK. Men så gjekk ferda endå ein gong over fjella til Bergen, no med Kiran-kabareten, som vart spela i "Fensal", for Bondeungdomslaget i Bergen, og på Fana folkehøgskule der rektor Tor Stallvik tok vel imot oss. "Riksseglet" får i 1979 igjen ti framsyningar i ruinane etter Mariakyrkja, også denne gongen utan avbrot på grunn av regnvêr.

Så blir det hundre prosent eigensatsing med Pär Lagerkvist: " Lat menneskja leva". Her gjer medlemene alt åleine: Ole Hongve er instruktør, og scenografi, plakat og kostyme blir laga av Ole ekornes. Kostyma vart sydde av aktørane, og dei var eit originalt eksperiment: Aktørane hadde svarte trøyer og stillongs under - og kostyme av svart gjennomsiktig tyll med påmåla kantar, bordar og liknande. Dette gav alt ein tidlaus dâm.

Mange som har spela amatørteater har vel ofte hatt ein hemmeleg draum om å bli ein verkeleg skodespelar. Spellaget har i si lange soge hatt mange ypparlege talent, og i syttiåra har ikkje mindre enn fire medlemr kome inn på Statens teaterskole. Når ein vet at berre ein handfull kjem inn der kvart år, så er Spellaget litt stolt over å ha rekruttert så mange på så stutt tid. Og no møter ein desse på ulike teater: Torill Jacobsen, Terje Strømdahl, Tore Nysæther, Trine Lossius Borg og Marianne Nielsen. Og det er teaterskuleeleven Terje Strømdahl som no blir instruktør og set opp "Den store barnedåpen" av Oskar Braaten for Spellaget i november 1981. Det blir ein stor suksess. Stykket blir spela fleire gonger; mellom anna blir det ein tur til Brandval, der det var fullt hus.

"Barnedåpen" vart friska opp att i 1983 og spela i Trondheim, det det også var fullt hus, og fekk finfin kritikk i "Adressa".

I samband med NU-stemna i Oslo 1983 laga Asbjørn Toms ein Oskar Braaten-kabaret som vart framført i friluft ved Beyer-brua og på "Enerhaugen" på Folkemuseet. Same året vart også eit Commedia del Arte-stykke sett opp og instruert av Oddbjørn Hesjevoll. Det var "Dei tre hanreiane" av Henning Nielsen, og handlinga hadde mange morosame poeng og litt "grovkorna" innslag.

I årsmeldinga for 1984 ser vi at dei har hatt visse vanskar med å få i gang ei ny oppsetjing, men så fekk dei Oddbjørn Hesjevoll til å instruere "Helten på den grønne øya" av John M. Synge. Premieren gjekk over all forventning, og dei hadde heile ni debutantar på scena, som etter gamal og god tradisjon i Spellaget for open scene fekk ein blomst etter framsyninga.

"Alice i underverda" av Klaus Hagerup vart sett opp på rekordtid (seks veker) av Roy Lie Jonassen, og spela fleire gonger. Så følgde "Dyr som ikkje..." av Beppe Wolgers og Tage Danielsson med Spellagets eigen Stein Kiran som instruktør. I årsmeldinga for 1986 står det at dei

hadde åtte framsyningar med heile 700 tilskodarar til saman.

"Pernilles korte frøkenstand" av Holberg, som vart sett opp 1987, var ein morosam komedie instruert av Stein Kiran. Årsmeldinga for 1987 fortel at mange har gått på kurs i teaterarbeid, sminke, kostyme og regi/instruksjon, så gløden er levande i Spellaget.

I 1988 var det premiere på "Jorda rundt på 80 dagar" av Jules Verne. Aksel Otto Bull sette denne framsyninga i scene, og det var ein svært spanande og original regi der scena var flytt ned på golvet i Teatersalen og publikum sat rundt. Mange små og store detaljar i denne lange reisa var oppfinnsamt laga, og aktørane skifte frå den eine rolla til den andre i høgt tempo.

Men ikkje alt er berre skodespel. Årsmeldingane syner at det ofte må til anna arbeid òg. Dugnad både på og under scena. Vasking, måling og snekring av hyller og skåp til alt det fine "heilprofesjonelle" utstyret Spellaget etter kvart kjøper inn: lyskastarar, mikrofonar, bandspelarar, og liknande. Frå Det Norske Teateret får Spellaget heilt gratis ein del kostyme som det òg må takast vare på.

Etterord

Ser ein attende på Spellaget gjennom desse åra, må ein bli imponert over kva laget har utretta. korleis har det makta alt saman? Svaret kan vel samanfattast i eitt ord:

BONDEUNGDOMSLAGET.

Dei store og rike ressursane Bondeungdomslaget rår over både materielt og kulturelt har gjeve Spellaget svært gode vokstervolkår. Med eiga scene i "faderhuset" og med ein god økonomi som gjorde det mogleg å henta inn dei beste profesjonelle instruktørar, har Spellaget makta å halde eit gjennomgåande høgt nivå.

Ressursar i form av lovande talent har ein kunna finne både i dei andre særlaga og elles i lagsflokket i Bondeungdomslaget. Om dei ikkje var med i Spellaget frå før, vart dei henta fram av "talentspeidarar". Medlemstalet i Spellaget har vel adri vore heilt "ajour" - det viktigaste har vore å få med folk som hadde lyst til å spela teater.

Og kva har vore drivkrafta i spellagsarbeidet?

Dette spørsmålet vart stilt til den første formannen i Spellaget ved femtiårsfesten. " Det er så morosamt å spela teater," svara han - og same svaret får du vel i dag òg. Er du først biten av denne "teaterbasillen", så er det lite du kan gjera for å bli "frisk att". Du kan slite og bale med kulissar, lysutstyr og kostyme og øve og øve kveld etter kveld til seine natta - vanskane kan tårne seg opp for deg - ingenting hjelper - men teaterbasillen held deg fast heilt til du lukkeleg når fram til premieren og du står der på scena. Er du ikkje kurert då - så er du blitt ein av dei mange som i både ti - tjue - tretti år og endå lenger har vore med i den trygge stamma i Spellaget som dei mange greinene har kunna vekse på Spellaget har fostra mange små og store talent, men like viktig som den som har spela hovudrolla, er den som står bak og dreg i sceneteppet eller i dei mange andre

trådane som skal til for å laga ei framsyning.

Så går teppet ned for denne bolken i spellags saga. Ei samla liste over skodespela Spellaget har framført og over dei som har vore med i denne tida finn du på dei neste sidene. Nokre av dei har vore med berre éin eller eit par gonge, andre i fleire år, men alle har vore ein viktig del av Spellaget. Alle har dei vore med på å lokke fram smil, glede, latter og tårer i Teatersalen.

I ettertid er det vel mange som tenkjer på tida si i Spellaget med glede - tenkjer på dei gode venene dei fekk der - tenkjer med takksemd på alt dei fekk høve til å vera med på, og seier: "Ja, det var moro!"

Teksta i dette kapitlet er skriven av Ole Ekornes, mens Torill Lund Born har samla inn alt bakgrunnsmateriale. Johan Hammarbäck har skriva avsnitta om revyen "Grynte-Per" frå 1854, og elles gått gjennom alle data. Listene over stykke, instruktørar og aktørar er sette opp av redaksjonen for boka på grunnlag av data frå Torill Lund Born.